

NOU 2020:15 Det handler om Norge – utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene

Nokre moment sett frå perspektivet til Høgskulen i Volda (og elles litt generelt)

- Høgskulen i Volda er ein viktig (statleg) kompetansearbeidsplass i regionen, og vil også kunne bidra til rekruttering av kompetanse til andre institusjonar/arbeidsplassar (kommunar, sjukehuset osv.) fordi par med høgre utdanning begge treng arbeid, og er i mange tilfelle utdanna for ulike fagfelt.
- Høgskulen i Volda er viktig med tanke på å bidra til kompetanse i regionen på dei områda som høgskulen utdannar til.
- Høgskulen i Volda kan spele ei viktig rolle som samarbeidspart for kommunar, næringsliv, helseforetak og andre aktørarar i regionen
 - T.d. samarbeid om samfunnsutvikling, inkl. næringsutvikling
 - Kombinerte stillingar (t.d. kommunar-HVO) på område som høgskulen utdannar til
- Høgre utdanning er ikkje berre eit verkemiddel for å oppnå kompetanse og kome i posisjon i arbeidslivet, men er ein verdi i seg sjølv med tanke på livskvalitet og meistring. Også difor er det viktig med utdanningsinstitusjonar i distrikta.
- Erfaringane med strukturendringane i UH-sektoren, m.a. gjennom å slå saman høgskular/universitet, viser at det er drivkrefter i retning av at ungdom søker seg til institusjonane/utdanningstilboda som ligg i dei store byane i desse samanslåtte institusjonane. Å ha ein sjølvstendig høgskule i regionen er truleg ein fordel for regionen.
- Tiltak retta mot barn og unge er for lite vektlagde i NOU-en. Grunnlaget for at ungdom blir buande i distrikta, eller kjem tilbake som unge vaksne, vert i stor grad lagt i oppveksten deira. Dersom dei har gode erfaringar med heimstaden, fordi oppveksten var god og heimstaden kjennest attraktiv, så er det større sjanse for at dei kjem dei tilbake og vil leve og bu og bidra med arbeid, mellom anna i pleie- og omsorg. Dei som kjem tilbake har gjerne også barn sjølve eller i alderen for å stifte familie. Gode oppvekstår er viktig med tanke på kvar dei vel å busetje seg. Med andre ord er eit livsløpsperspektiv ei nødvendig tilnærming.
- Tal viser vel at barn og unge også utgjør ein viss del av auken i ymse budsjett, som m.a. helse og omsorg. Altfor mange unge er uføretrygda. I samfunnsutviklingsperspektiv er det også viktig å ta omsyn til denne bølga/trenden – og ikkje berre til eldrebølga.

Høgskulen i Volda, 15. februar 2021

Randi Bergem

dekan Avdeling for samfunnsfag og historie